

Interpellasjonar og spørsmål til fylkestinget, 13.-15.juni 2023

Frist for å sende inn interpellasjon: Onsdag 7.juni, kl 0900

Frist for å sende inn spørsmål: Mandag 12.juni, kl 0900

Oversikt over mottekne interpellasjonar og spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Tor Andre Ljosland (Krf)	Dronefag
2.	Marthe Hammer (SV)	Kollektivprisar der toget er tilbodet.
3.	Terje Kollbotn (R)	Full kompensasjon for høge straumprisar innan idretten og kulturlivet elles.
4.	Natalia A.Golis (MDG)	Dekte fritidsreiser for barn og unge i Vestland.
Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Terje Kollbotn (R)	Jord- og sjøkabelalternativ Blåfalli-Gismarvik
2.	Stian Davies (AP)	Tilgjengeleggjering av seriositetsforskrifta
3.	Pauline Tomren (MDG)	Barnevernlova og fylkeskommunar
4.	Jeanette Onarheim Syversen (R)	Tiltak for å hindre målskifte
5.	Terje Kollbotn (R)	Landslinja for smedfaget i Odda
6.	Jeanette Onarheim Syversen (R)	Bruk av Vestlandshuset

MOTTEKNE INTERPELLASJONAR

1. Tor Andre Ljosland (Krf); Dronefag

Våren 2022 ble læreplanen for vg2 drone vedtatt. I Rogaland er tilbudet på plass fra høsten 2023. Også Nordland, Viken, Trøndelag og Oslo har tilbudet. Næringslivet i Rogaland utførte i forkant av tilbudet ble etablert en utredning om behovet for faget. Rapporten viser at det er svært stor interesse. Om faget kan man lese: «Vg2 drone handler i hovedsak om å kunne utføre operasjoner med ubemannede farkoster med multirotor og fastvingedroner opptil 25 kg, minimum i kategoriene åpen og spesifikk. Dette inkluderer kunnskap om hvordan man planlegger en slik operasjon, gjennomføring, dokumentasjon og evaluering. Kompetansemålene har et stort fokus på kunnskap om den tekniske oppbygningen av ubemannede farkoster, og hvordan de vedlikeholdes, samt sensorer og nyttelast og bearbeiding av data fra disse. Programfagene skal gi kompetanse som bidrar til driftssikre og velfungerende ubemannede farkoster, og imøtekommer den stadig raskere teknologiske utviklingen innenfor luftfart.» Bruken av droner er på full fart oppover i næringslivet og behovet er stort i mange samfunnskritiske institusjoner, bl.a. brann og redning, militæret og energisektoren.

Spørsmål: Vi fylkesordfører ta til orde for å opprette dronefag som et tilbud også i Vestland fylke?

Svar frå fylkesordføraren

Bruk av donar er eit teknologisk område som er i stor vekst – og det blir stadig fleire bruksområde. I dag vert drone nytta i til dømes politioperasjonar, inspeksjon av infrastruktur, redningstenester, operasjonar under vatn og luftfotografering.

Det vert gitt tilbod om vg2 drone ved seks vidaregåande skular i landet, og er såleis ikkje eit breitt tilbod. Viktige moment å vurdere ved eventuell oppretting av faget vil vere fleire. Faget er kostbart å starte opp, spesielt på vg1. Det vert stilt krav til treningsområde, og det er spesielt viktig med ein lokasjon der store treningsområde er lett tilgjengeleg. Skulen må ha eit stort og variert område som er godkjent for øving, og skulen bør knytte til seg ein operatør eller lokalt droneselskap som har nødvendige tillatingar. For å undervise i faget er det ein fordel med

bakgrunn innan elektro eller som pilot. For å bli godkjent som lærebedrift må verksemda kunne oppfylle alle læreplanmåla. Få bedrifter klarar dette innanfor dronefaget, og treng støttespelarar og andre bedrifter rundt seg for å nå alle måla i opplæringa. Det er i dag eit fåtal av profesjonelle bedrifter i bransjen, men utviklinga går fort. For å tilby opplæring i dronefaget må skulen og bedrifta som tar inn lærlingane sende søknad til Luftfartstilsynet for å sikre at rammene for opplæringa er i samsvar med regelverket. Utover dette er det ingen formelle krav frå Luftfartstilsynet til skulen.

Fylkesordføraren er generelt sett positiv til utdanningstilbod som er framtidsretta og treff eit behov i arbeidslivet. Samtidig vil det krevje eit planleggingsarbeid for å vurdere kor eit slikt tilbod kan lokaliserast og om det let seg realisere. Som for alle yrkesfagtilbod som vert oppretta, må det også vere tilstrekkeleg tilgjengelege læreplassar i regionen.

2. Marthe Hammer (SV); Billettprisar på togreiser

Kollektivprisar der toget er tilbodet

Vaksdal er ein omegnskommune til Bergen, landets nest største by. Det er eit uttalt mål å redusere talet på biltrafikk og få fleire over på kollektiv. Bergensbanen og Vossabanen går gjennom Vaksdal, og veldig mange pendlar med toget inn til Bergen. Toget har (til dels) god frekvens, er svært mykje raskare enn buss og det kollektivmiddelet som vert brukt. Ser ein på bussrutene internt i Vaksdal ser ein at det går knapt med bussar, og er derfor ikkje eit reelt kollektivtilbod. Det er toget som er kollektivtilbodet.

Utfordringa er prisen. Vaksdal ligg ikkje i sone A, sjølv om Vaksdal er ein omegnskommune til Bergen og har høg innpendling til Bergen. Noko av grunnen er at det er toget som er kollektivtilbodet og fordi Vy sine prisar for å reise med tog er veldig mykje høgare enn det å reise med sonetakst i sone A. Takstsonesamarbeidet mellom SKYSS og Vy gjeld berre i Bergen, og ikkje i Vaksdal.

Nokre eksempel:

- I dag er pris for enkeltbillett på tog 40 kr om du reiser Trengereid – Bergen, men
 - o kr 103 om du reiser Vaksdal – Bergen
 - o kr 123 om du reiser Stanghelle – Bergen
 - o kr 140 om du reiser mellom Dale – Bergen
 - o Det er ikkje eit kollektivtilbod, men eit incitament til å bruke bil.
- For å illustrere det vidare kostar det
 - o 55 kr Vaksdal – Trengereid og 40 kr Trengereid – Bergen (altså 95 kr.)
 - o Mens billett for heile strekket kostar 103 kr. Ein sparar altså 8 kr på å kjøpe to billetter.
- Togbillett Vaksdal til kommunesenteret på Dale (For skule, legekontor, helsetenester osb. kostar det 63 kr. For eit strekk på om lag 15 km.

Av omegnskommunane til Bergen har Vaksdal sannsynlegvis det dårlegaste busstilbodet og det dyraste kollektivtilbodet.

Pendlarforeininga i Vaksdal har sagt at når Skyss ikkje har eit reelt busstilbod til Vaksdal meiner vi at det er på høg tid at Vaksdal kjem inn i sone A og at prismekanismen for tog som i dag gjeld Bergen – Trengereid vert utvida til Bergen – Dale.

Kommunestyret i Vaksdal har i si høyring til Vy meldt inn følgjande:

«Om Vaksdal skulle verte ein del av sone A vil det og bety færre bilar inn til Bergen sentrum og auke kollektivbruken monaleg frå vår kommune. I dag kostar det 412 kr for to vaksne å reise Vaksdal – Bergen t/r for å td. Gå på kino. Då vert bilen raskt eit betre alternativ.»

Fylka som har toget som ein viktig kollektivakse inn til storby har på ulikt vis komme til einigheit med Vy (tidlegare NSB) om pris og takstsonesamarbeid for å sikre at folk kan nytte buss og tog slik som det passer best. I all hovudsak har dette skjedd gjennom at fylka sine kollektivselskap betalar for lågare og felles prisar til Vy. Over år har dette ført til at toget vert opplevd dyrt og lite attraktivt, og har utfordringar å konkurrere med bil, og at det er fylka sine kollektivselskap som må subsidiere og gjere toget konkurransedyktig.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Vil fylkesordføreren ta initiativ til at prisane på toget vert billegare og meir i tråd med SKYSS og dei fylkeskommunale kollektivselskapa sine prisar, for eksempel gjennom eit møte ved Vy, samferdsleministeren og andre togfylke?
- Kva skal til for at det skal vere aktuelt å innlemme Vaksdal og Dale i sone A i ei ny sonejustering?

Forslag til vedtak:

Vestland fylkesting oppmodar Vy til å redusere prisane sine for å gjere det meir attraktivt å ta tog, og meiner at dagens prisar er urimeleg høge.

Fylkestinget ber fylkesordføreren ta initiativ til eit møte med Vy, regjering og andre togfylka kor forskjellane i prisar mellom tog og buss, spesielt inn til dei store byane vert tema. Målet må vere å få staten med på redusere togprisane.

Vestland fylkesting ber administrasjonen komme tilbake med sak om kva det kostar å inkludere Dale og Vaksdal inn i sone A, og ta dette med inn i neste revidering av ny sonestruktur.»

Svar frå fylkesordføreren:

Spørsmål 1

Fylkestinget i Vestland bestemmer prisane for kollektivtrafikken i Vestland fylke. Staten ved Jernbanedirektoratet set tilsvarende rammer for prisane for persontogreiser på jernbanen. Vestland fylkeskommune/Skyss inngjekk i 2019 avtale med jernbanedirektoratet om rute-, takst og billettsamarbeid. Målsettingar som ligg til grunn for avtalen er mellom anna auka kollektivandel og å bidra til nullvekstmålet.

Avtalen inneber at alle Skyssbillettar i sone A er gyldige på lokaltog (Vossabanen). Det gjeld for både enkeltbillettar, periodebillettar og ungdomsbilletten. I øvrige soner er også periodebillettar gyldige på Vossebanen, medan enkeltbillettar og 24 timars billettar ikkje er gyldige utanfor sone A.

Samarbeidsavtalen kan reforhandlast når det oppstår behov for det. Vesentlege endringar i kollektivtilbodet, teknologiske endringar, større prisendringar og identifisert potensial for endra reisevanar er døme på forhold som kan utløysa behov for reforhandling. Eventuelle endringar i samarbeidsavtalen føreset semje mellom partane og at Vestland fylkeskommune finansierer endringane.

Spørsmål 2

Dagens sonestruktur for buss og bybane i Vestland blei vedteke på fylkestinget 14.12.2021 (PS 120/2021) og innført juni 2022. I samband med inndeling i soner skulle grensene følgje fjord og fjell der det er råd, og at grensene elles helst skal trekkast i områder der det bur lite folk.

Den vedtekte sonemodellen er mellom anna avhengig av eit visst tal soner for at lange reisene ikkje skal bli for billege sett opp mot korte reiser. Endring i sonegrenser vil kreve at vi ser på heile sonestrukturen på nytt, med nye utgreiingar.

3. Terje Kollbotn (R); Full kompensasjon for høge straumprisar innan idretten og kulturlivet elles.

FULL KOMPENSASJON FOR HØGE STRAUMPRISAR INNAN IDRETTEEN OG KULTURLIVET ELLES.

I Vestland fylkesting i mars 2023 reiste Raudt eit forslag om at fylkestinget bør arbeide for å få full kompensasjon for dei ekstraordinært høge straumrekningane til idretten, andre frivillige organisasjonar og kulturlivet elles, inkludert kulturinstitusjonane og større og mindre kulturbygg. Forslaget lydde slik:

«Dei høge straumprisane undergrev ei rekkje mål og satsingar i den regionale planen og handlingsprogrammet for kultur i fylket. Både kulturinstitusjonar, kulturbygg, idrettslag og andre frivillige organisasjonar slit med straumrekningane. Straumstøtteordningane er langtfrå tilstrekkelege. Dette går spesielt utover tilbod til alle med dårleg råd, og tilbod til barn og unge. For å kunne gjennomføre mål og satsingar i denne planen, vil Vestland fylkesting arbeide for at heile kulturlivet, inkludert idretten, får dekkja alle sine ekstraordinære straumrekningar. Her må regjering og Storting stille opp!».

Dette framlegget vart diverre røysta ned, frå fleire hald grunngjeve med at eit slikt vedtak passa ikkje inn i den nye regionale kulturplanen i Vestland fylke. Som vel kjend for fylkestinget, har det vore ei stor ekstrabelastning både for det frivillige kulturlivet, inkludert idretten og kulturinstitusjonane både i kulturfylket Vestland og andre deler av landet at straumprisane skaut i været frå hausten 2021. Desse meirkostnadene har langtifrå blitt kompensert til no. Dette har gått ut over viktige tilbod, m.a. til barn og unge, og gjort det vanskelegare å ivareta gode tilbod for alle uavhengig av økonomi - som jo er eit hovedmål i den nye regionale kulturplanen.

På denne bakgrunn vil eg spørje fylkesordføraren:

Kva vil fylkesordføraren og resten av posisjonen i Vestland fylkesting gjere for å sikre stabile, låge straumkostnader til idretten og resten av kulturtilbodet i fylket vårt og resten av landet?

Framlegg til vedtak:

1. Vestland fylkesting vil arbeide for at idretten og kulturlivet elles i Vestland fylke får full kompensasjon for alle meirkostnader med dei ekstraordinært høge straumprisane?
2. Dersom eit slikt krav og tiltak ikkje blir innfridd i Stortinget, vil Vestland fylkesting freiste å sikre dette gjennom dei ekstraordinære konsesjonskraftinntektene til Vestland fylke?

Svar frå fylkesordføraren

Straumprisane har i den seinare tida vist ei nedgåande trend etter å ha hatt eit høgdepunkt i 2022. Fylkesordførar meiner at det såleis er riktig å sjå an utviklinga vidare og at konkrete tiltak no ikkje er påkravd.

Energipolitikken er først og fremst eit statleg ansvarsområde. Det er også difor det er staten som har tatt, og må i det vidare ta, ansvar for kompensasjonsordningar.

Det er viktig å skile mellom utfordringane i frivillig og profesjonell sektor. Idretten og annan frivilligheit er no oppteken av at dei kompensasjonsordningane staten har oppretta for hushaldningane, også kan koma frivillig sektor til del. Fylkeskommunen bør støtte frivilligheita i dette arbeidet.

Når det gjeld profesjonell kultursektor har vi merka oss utfordringane med auka driftskostnadar både som følgje av den generelle prisauka og straumprisane. Dette er noko vi må ha med oss vidare i arbeidet med budsjettet for 2024.

4. Natalia A. Golis (MDG); Dekte fritidsreiser for barn og unge i Vestland

Interpellasjon om dekte fritidsreiser for barn og unge i Vestland

For mange barn og unge er fritidsaktivitetar det som gir meistring, fellesskap og mening i kvardagen. Å drive med kultur, idrett eller andre aktivitetar gir ein moglegheit til å utfalde seg og møte andre jamnaldrande med dei same interessane. Forsking viser at deltaking i fritidsaktivitetar styrker trivsel, sjølvkjensle og kognitive evner hos barn og unge. Dessverre er det ikkje alle barn og unge som får sjansen til å delta i fritidsaktivitetar.

For familiar med låg inntekt, kan det vere vanskeleg å finne rom til alle kostnadane som følgjer med deltaking i fritidsaktivitetar, det gjeld utstyr, kontingentar og transport. I ei undersøking i Bergen kommune sitt barnefamiliepanel går det fram at 55 prosent av barn som deltar i fritidsaktivitetar, anten er avhengig av å bruke buss eller bli køyrt, noko som viser at for mange har utgifter til transport for å kunne delta. Barn frå låginntektsfamiliar er i større grad avhengig av å bruke kollektivtilbodet, noko som moglegvis skuldast at husholdningar med dei lågaste inntektene i mindre grad eig eigen bil.

Etter koronapandemien har deltakinga i fritidsaktivitetar enno ikkje kome tilbake til nivået det tidligare låg på. Og i den tida vi no er inne i, med sterk prisvekst i samfunnet, er det ei fare for at endå fleire barn og unge ikkje kan delta av økonomiske grunnar. Dette viser at det er behov for tiltak knytt til transport. Mens det finst ordningar for lån av utstyr og dekt kontingent, så finst det få løysningar for transportkostnadane.

Spørsmål:

1. For å finne fram til best mogleg løysing, kan fylkesordføraren sjå verdien av å vurdere ulike modellar for korleis barn og unge kan få dekt transport til fritidsaktivitetar? Det kan vere universelle ordningar eller meir målretta ordningar. Eit alternativ kan også vere tilskotsordningar for lag og organisasjonar som kan organisere transport til medlemmane/deltakarane sine.
2. Kan fylkesordføraren vurdere å ta dette opp med ordførarane for å sjå på eit felles løft?

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkesting ber administrasjonen legge fram ei sak som greier ut ei eller fleire løysingar som kan gi barn og unge dekt transport til fritidsaktivitetar uavhengig av familieøkonomien.
2. Fylkestinget ber om at saka gjer greie for økonomiske og administrative kostnader ved dei alternativa som blir presentert.

Svar frå fylkesordføraren

Like moglegheiter for born og unge til deltaking i fritidsaktivitetar og kulturliv er svært viktig. Ulike økonomiske føresetnader kan gi grunnlag for utanforskap, og særleg i desse "dyrtider" er det ekstra utfordrande for fleire. Spørsmålet er likevel kva ordning som best treff denne målgruppa. Fylkesordføraren er sjølv usikker på kva ordning i fylkeskommunal regi som kan vere ei god løysing på kort sikt og/eller som ei varig løysing.

Problemstillingane som her er reist bør utgreiast nærare, inkludert økonomiske konsekvensar dette eventuelt vil gi for fylkeskommunen.

Det er opp til fylkestinget å avgjere eventuell utgreiing og vidare oppfølging.

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Terje Kollbotn (R);

JORD- OG SJØKABELALTERNATIV BLÅFALLI- GISMARVIK.

Olje- og energidepartementet (OED) har sendt på høyring Statnett sin søknad om å få byggje ei 420 kV-linje i luftspenn frå Blåfalli i Kvinnherfad via Etne til Gismarkvik på Haugalandet. Høyringsfristen er 19. juni. Både på høyringsmøtet i Ølen 24. mai, på synfaringane langs traseen 25. og 26. mai og elles har det alt kome mange sterke reaksjonar både på Statnett sin søknad og NVE si tilråding. Ikkje minst blir det peika på at natur- og miljøomsyn, naturmangfald og friluftssinteresser bør leggjast enno større vekt på i Norge etter FN sin naturavtale i Montreal før jul. I Vestland fylkesting i Sogndal i mars i fjor vart det gjort fylgjande vedtak, etter initiativ frå Raudt:

«1. Vestland fylkesting går inn for at jord- og sjøkabel skal utgreiast som eit reelt alternativ på lik linje med luftspenn i samband med byggjing av nye kraftleidningar.

2. Vestland fylkesting ber konkret NVE og OED om at ei slik utgreiing, basert på oppdatert teknologi, må kome for 420 kV-linja Blåfalli - Gismarvik.»

Forslaget punkt 1 vart samrøystes vedtatt og punkt 2 fekk 37 røyster for og 27 mot. Etter Raudt sitt syn er desse vedtaka i Vestland fylkesting til no ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i denne saka. NVE har i altfor stor grad lagt Statnett sine vurderingar til grunn for tilrådinga, og ikkje tatt initiativ til å få utgreidd på lk linje reelle alternativ med jord- og sjøkabel.

Eg vil difor stille fylkesordføraren fylgjande spørsmål:

1. Korleis har Vestland fylkeskommune fulgt opp vedtaka i Vestland fylkesting i mars i fjor i denne saka ovafor NVE, OED, regjeringa og Stortinget?
2. Har Vestland fylkeskommune sendt inn høyringsvar til OED innan fristen 19. juni i denne saka i samsvar med fylkestingsvedtaket i mars i fjor?

3. Om svaret er nei, vil fylkesordføreren syte for at eit slikt høyringsvar blir sendt inn til OED innan fristen 19. juni?

Svar frå fylkesordføreren

Spørsmål 1:

Vedtaket frå fylkestinget vart sendt inn til OED og NVE i konsesjonssaka knytt til 420 kV-linje Blåfalli-Gismarvik. NVE viser og til Fylkestinget sitt vedtak om jord- og sjøkabelalternativ i dokumentet «Bakgrunn for innstilling», som dei har sendt til OED. Dei viser òg til at dei har fått det same innspelet frå Etne kommune og Statsforvaltaren i Rogaland. Vedtaket vart ikkje sendt til regjeringa og Stortinget.

Spørsmål 2:

Representant frå administrasjonen i fylkeskommunen var med på synfaring 26. mai på Etnefjellet. Det kjem fram av høyringsbrevet frå OED at dei har tilgang til alle tidlegare innspel i saka og ber om at ev. nye uttalar avgrensast til NVE si innstilling. Sakshandsamar i OED stadfesta på synfaringa at dei kjenner fylkeskommunen sitt standpunkt i saka. Grunna dette har ikkje administrasjonen førebudd ny uttale i saka.

Spørsmål 3:

OED har lagt NVE si innstilling i saka på høyring. Viss ynskjeleg kan fylkestinget vedta høyringsuttale til OED som påpeikar at NVE ikkje har lagt nok vekt på fylkestinget si tidlegare uttale i si vurdering av denne saka.

2. Stian Davies (A); Tilgjengeleggjing av seriøsitetsforskrifta

Tilgjengeleggjing av seriøsitetsføresegna

Vestland fylkeskommune har innført viktige føresegn for å sikre eit seriøst arbeidsliv i Vestland. Vår innkjøpsmakt er stor, og har ei viktig funksjon for å gjere arbeidslivet meir seriøst også utanfor våre konkrete prosjekt.

Fagforeningar har etterspurt om desse føresegnene kan tilgjengeleggjerast på fylkeskommunen sine nettsider. Oslo kommune har gjort dette gjennom «Standard kontraktsvilkår for Oslo kommunes anskaffelser av varer, tjenester og bygg og anlegg».

Mitt spørsmål til fylkesordføreren er: Kan fylkesordføreren gjere våre seriøsitetsføresegn opent og tilgjengeleg for alle på nettsidene til Vestland fylkeskommune, slik Oslo kommune har gjort?»

Svar frå fylkesordføreren

I dag er seriøsitetsvilkåra i kontraktar for Vestland fylkeskommune nedfelt i forskjellige typar kontraktsdokument hjå dei ulike avdelingane og sanksjonane har noko ulik innretning. Dokumenta er pr. no berre tilgjengelege i interne rutinesamlingar.

I det praktiske arbeidet med å fylgje opp seriøsitetsvilkåra har fagavdelingane sett behov for å standardisera kontraktskrava i eit felles dokument. På bakgrunn av dette har det ei tid vore arbeid med ei betre intern samkøying av desse krava. Føremålet er å sikre at fylkestingsvedtaket om seriøsitetskrav i bygge- og anleggskontraktar vert ivareteke likt og ikkje minst sikre likskap i oppfylging av krava mot dei ulike leverandørane. Slik vil og fylkeskommunen bli opplevd som ein meir føreseieleg byggherre der leverandørar som bryt vilkåra får same reaksjon. Med eit felles kravdokument der alle krav og sanksjonar har same ordlyd vil fylkeskommunen stå fram som ein samla kravstillar.

Ei breitt samansett arbeidsgruppe (ORO, EIG, INV, BU) har 08.05.23 lagt fram eit internt høyringnotat – *Felles kontraktsvilkår for seriøsitetskrav for leverandørar til Vestland Fylkeskommune*. Dette er no til drøfting i avdelingane og skal etter planen ferdigstillast i løpet av 3. kvartal i år. Fylkesdirektøren ser føre seg at dokumentet då kan gjerast tilgjengeleg på nettsidene til Vestland fylkeskommune

3. PaulineTomren (MDG); Barnevernlova og fylkeskommunar

Den 1. januar i år blei Barnevernlova frå 2021 gjeldande for alle norske kommunar. I § 15-1 i denne lova, står det at kommunen har eit ansvar for å forebygge at barn og unge utsettast for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem.

Omfattar omgrepet «kommunar» i denne samanheng berre kommunar, eller også fylkeskommunar?»

Svar frå fylkesordføraren

Det følgjer av Barnevernlova § 15-1 første ledd at «Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.»

Ordlyden «kommunen» tilseier at fylkeskommunane ikkje er omfatta. I barnevernlova § 13-2 og §13-4 står det «fylkeskommuner» i føresegna. I den aktuelle føresegna står det ikkje fylkeskommunar, noko som taler sterkt for at fylkeskommunane ikkje er omfatta. Det følgjer i tillegg av forarbeida til barnevernlova § 15-1 at første ledd første punktum at ansvaret må ivaretakast gjennom eit bredt spekter av kommunale tenester og det er kommunestyret sjølv som skal vedta plan for kommunen sitt forebyggjande arbeid jf. barnvernlova § 15-2 andre ledd.

Etter dette har fylkeskommunen ikkje eit ansvar for å forebygge at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem.

Kvar og ein som utførar teneste eller arbeid for eit forvaltningsorgan har derimot plikt etter barnevernslova § 13-2 til å «melde fra til barnevernstjenesten uten ugrunnet opphold i følgende tilfeller:

- a. når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller utsatt for annen alvorlig omsorgssvikt
- b. når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling
- c. når det er grunn til å tro at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring
- d. når et barn har vist alvorlige atferdsvansker ved å begå alvorlige eller gjentatte lovbrudd, ved problematisk bruk av rusmidler, eller ved å ha vist annen form for utpreget normløs atferd
- e. når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel.

Også yrkesutøvere som opptrer i medhold av helsepersonelloven, psyksisk helsevernloven, helse- og omsorgstjenesteloven, familievernkontorloven og privatskolelova plikter å gi opplysninger etter denne bestemmelsen».

Det er og ein føresegn i opplæringslova § 15-3 om opplysningsplikt til barnevernet. Det følgjer av denne at:

«Tilsette i skolen skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta.

Tilsette i skulen skal utan hinder av teieplikta melde frå til barneverntenesta utan ugrunna opphald:

- a) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvikt,
- b) når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annan alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling,

- c) når det er grunn til å tru at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekt sitt særlege behov for behandling eller opplæring,
- d) når eit barn har vist alvorlege åtferdsvanskar i form av alvorlege eller gjentatte brotsverk, problematisk bruk av rusmidler eller ei anna form for utprega normlaus åtferd,
- e) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel.»

4. Jeanette Onarheim Syversen (R); Tiltak for å hindre målskifte

Tiltak for å hindra målbyte

Tidlegare undersøkingar har vist at halvparten av elevane som starta med nynorsk i grunnskulen hadde gått over til bokmål i den vidaregåande skulen. Særleg stor er denne overgangen i områda kring Bergen. Til dømes var det berre 4% av elevane på Sotra vidaregåande skule som hadde nynorsk som hovudmål skuleåret 2020/21. Dette kan vi lesa i notatet OPK – Kvalitetsutvikling Saksnr: 2022/43196-1.

Spørsmålet vert då:

Kva tiltak vil fylkesordførar at Vestland fylkeskommune skal setja i verk for å hindra målbyte?

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordføraren viser til undersøkingar framstilt i sak 2022/43196-1 om kvifor elevar byter skriftspråk frå nynorsk til bokmål. Undersøkingane viser at hovudårsakene til at elevar byter frå nynorsk til bokmål ligg utanfor skulen. Elevane peikar på at bokmålsdominans på om lag alle samfunnsarenaer gjer dei flinkare i bokmål enn nynorsk, og følgjeleg gjer det lettare å velje å skrive bokmål. Fylkesordføraren meiner derfor det er særst viktig at elevane i Vestland fylkeskommune møter nynorsk i skulekvardagen og at ein held fram arbeidet med å motivere elevane til å nytte nynorsk som skriftspråk.

Fylkesordføraren viser til følgjande tiltak gjennomført av fylkesdirektøren for at elevane skal møte nynorsk og bli motiverte til å bruke nynorsk som skriftspråk:

Nynorsk brukt på

- Vestland fylkeskommune si informasjonsside
- skulane sine nettsider
- skilting i og utanfor fylkeskommunale bygg
- digitale ressursar brukt i opplæring der det er mogleg: Til dømes å setje nynorsk som visningspråk både i OS, Office-pakke og Teams, som gjer at til dømes menyar er skrivne på nynorsk.

I tillegg

- avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse gjer i ansvars- og oppdragsbrev skulane merksame på ansvaret for å stette elevane sin rett til læremiddel på eige skriftspråk.

Vegen vidare

Fylkesordføraren er kjent med at fylkesdirektøren vil sende brev til dei norske forlaga der ein minner om parallellitetskravet som gir elevane rett til lærebøker i begge målføre til same tid og til same pris, og der det blir varsla om at skulane i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne ansvaret for å kjøpe læremiddel som er tilgjengeleg på begge målføre.

Fylkesordføraren viser og til fylkesdirektøren sitt forslag til retningslinjer for språk i Vestland fylkeskommune. Retningslinjene skal handsamast i alle hovudutval og fylkesutvalet før det blir lagt fram for fylkestinget. Når retningslinjene er vedtekne skal fylkesdirektøren utarbeide tiltak for å følgje opp desse.

5. Terje Kollbotn (R); Landslinja for smedfaget i Odda

LANDSLINJA I SMEDFAGET I ODDA.

Om ikkje Vestland fylkeskommune tar meir aktive initiativ, er det fare for nedleggjing av den einaste offentlege utdanningstilbodet innan smedfaget i landet . Denne landslinja i smedfaget i Odda starta opp i 2015 etter fleire års innsats frå m.a. Odda kommune og Hordaland fylkeskommune. I juni 2022 var det 15 primærsøkjjarar til smedlinja i Odda. I løpet av somaren 2022 trakk 8 seg, og ved skulestart var det kun 2 som begynte i Odda. Årsakene var m.a. manglande satsing på å leggje godt til rette for at søkjarane vel Odda framfor det private tilbodet på Hjerleid eller andre utdanningstilbod. På Hjerleid har dei satsa på velkomstbrev, tilbod om hybel, somarkurs og annan informasjon for å rekruttere nye elevar frå vg1 design og håndverksproduksjon og TIP (teknisk industriell produksjon) over heile landet, samt samarbeidsopplegg for å sikre lærlingeplassar (m.a. gjennom MiA , Museene i Akershus, www.mia.no/tradisjonshandverk) etter skuleåret Dette skjer innan opplæringskontor, kompetansesenter og avtalar med smedar på austlandet. Tilsvarande tilbod og rekruttering manglar pr. i dag for den offentlege landslinja i Odda. Ikkje minst manglande hybeltilbod i Odda for desse og andre elevar er kritisk.

Det offentlege landslinjetilbodet i Odda treng og oversikt over alle søkjarane frå VIGO (Vidaregåande Opptak, www.vigo.no) for å utvikle eit likeverdig utdanningstilbod som på Hjerleid, samt ein offensiv strategi for lærlingeplassar. I dag er det 10 lærlingeplassar i heile landet og 6 vg3-plassar i smedfaget i Odda i dag. Det er kapasitet på inntil 10 elevplassar i smedfaget i Odda for å utvikle eit fast og godt utdanningsløp.

Før neste skuleår er det 5 primærsøkjjarar og 18 som har dette som 2. val. Utan aktiv innsats frå vertsfylket Vestland kan rekrutteringa bli ytterlegare svekka på landslinja i Odda. Desse utfordringane av Raudt sin representant i Hovedutval for opplæring og kompetanse i fjor haust. Men oppfylgginga frå vertsfylket Vestland har ikkje vore god nok.

Difor spør eg på vegne av Raudt på nytt:

1. Kva vil fylkeskommunen som skuleeigar gjere for å sikre god rekruttering på vg2 smedfaget i Odda i god tid før neste skuleår (2023/2024)?
2. Kva vil fylkeskommunen gjere for å få på plass eit fast vg3 smed-tilbod over to år i Odda for å sikre eit godt tilbod for dei som ikkje får lærlingeplass innan smedfaget og metalldesign?
3. Kva vil fylkeskommunen gjere for å få på plass eit fagskule / høgskuletilbod i smedfaget og metalldesign i Odda?»

Svar frå fylkesordføraren

1. Søknadsfristen for skuleåret 2023/24 gjekk ut 1. mars 2023, og moglegheit for å søke vg2 smed for skuleåret 2024/25 opnar i januar neste år.

Odda vidaregåande skule tilbyr innanfor vg2 smed innan utdanningsprogrammet handverk, design og produktutvikling. Dette løpet gir elevane moglegheit til å gå ut i lære i vg3 smedfaget. Utdanninga dannar grunnlag for fleire yrke som kunstsmid, låsesmid, våpensmid, verktøysmid og liknande. Som mange andre tradisjonsfag er smedfaget eit lite fag i tilbodsstrukturen.

Fylkeskommunen samarbeider mellom anna med dei vidaregåande skulane, opplæringskontor og lærebedrifter for å legge til rette for ei riktig dimensjonering etter arbeidslivet sitt behov. Dette behovet skal vere styrande i alt dimensjoneringsarbeid. Yrkesopplæringsnemnda legg også forholdet mellom elevplassar og tilgjengelege læreplassar til grunn i sitt arbeid for yrkesfaga i Vestland. Over fleire år har ein sett at det er fleire elevar som står utan tilbod om læreplass etter vg2. I 2021/22 var det registrert fire lærebedrifter i Vestland som hadde lærlingar.

Bransjane sjølv har eit overordna ansvar for rekruttering, og fylkeskommunen legg til rette for at tilboda i så stor grad som mogleg speglar behovet i arbeidslivet. Det ligg også til fylkeskommunen å drive god karriererettleiing for unge og vaksne, syte for kvalitet i opplæringa gjennom tett samarbeid med bedrifter som rekrutterer til ulike bransjar. Dette er viktige tiltak som bidreg til rekruttering til ulike lærefag.

Skulen må saman med lokalt og regionalt arbeidsliv jobbe tett for å motivere ungdommar og vaksne til å velje tilbodet. Tilbodet på Hjerleid Handverksskule er eit privat konkurrerande tilbod som ein bør samanlikne seg med i rekrutteringsarbeidet.

2. Elevar som ikkje har fått seg læreplass har rett til eit likeverdig tilbod på vg3-nivå. Vg3 fagopplæring i skule er ikkje eit ordinært og søkbart tilbod i Vigo, men kan bli tilbudd dersom det ikkje er læreplassar tilgjengeleg. Målet er å få flest mogeleg ut i lære, då det aukar attraktiviteten på utdanninga, kompetansen hos den enkelte og sjansen for å få seg arbeid etter ferdig utdanning. Fylkeskommunen har dei siste åra tilbudd både eigne tilbod på vg3 fagopplæring i skule i smedfaget, og ei løysing der skulen har kombinert vg2 og vg3.
3. Styret i Fagskulen Vestland har ansvar for å dimensjonere tilbod ved eigen institusjon. Tilbudsstruktur er ein av dei faste sakane som styret handsamar kvart år.

6. Jeanette Onarheim Syversen (R); Bruk av Vestlandshuset

Bruk av Vestlandshuset

I Bergen kommune, kan alle politiske parti, lag og organisasjonar leige lokale frå kommunen gratis via <https://www.aktiv-kommune.no/>. I dyrtida spesielt, bidrar dette til viktig frivillig aktivitet samstundes som lokalar ikkje står tomme. I fylkesbygget til Hordaland var det gratis å låne både storsalen og grupperomma til politiske møter for fylkespartia, også i helgene.

Men i det nybygde fylkeshuset «Vestlandshuset», er det eit særdeles trøgt nålaug å komme gjennom for å få nytte denne flotte «storstova» midt i Bergen.

Det er på intern nettside i fylkeskommunen gjort rede for korleis ein skal booke møterom og elles bruke huset. Der står det oppgitt kva rom som ikkje er mogleg å bestille i Outlook kalenderen eller via Mazemap. Det gjelder dei politiske utvalssalane og Vestlandssalen. Det stod ikkje oppgitt noko meir enn at dette må reserverast via resepsjonen. Det er altså ein del av dette nålauget, at ein har tilgang til intern nettside og kan navigere seg fram til informasjon.

Gjennom kontakt med resepsjonen dei siste månadene har eg som gruppeleiar blitt gjort merksam på at det kostar pengar å booke disse salane. Først fekk vi oppgitt 6500 for hovudutvalssalane, og ein snau månad etter var prisen sett til 8000 kr. Vestlandssalen fekk vi oppgitt kostar 10 000 kr. Alt er per dag. Slik vi har fått det forklart, er dette fordi det blir leid inn Securitas vakt.

Denne informasjonen står ikkje oppgitt noko openberr plass på nettsida eller intranett, og er ikkje distribuert til vår partigruppe på e-post. Det er heller ikkje enkelt å finne informasjon om kva slags tilgang ein har korti som gruppeleiar/ partigruppedlem med tilgangskort. Kven som har bestemt dette, og korleis ein har komme til denne konklusjonen er i det blå.

Eg har lukkast i å booke møterom utan kostnad ei helg, for 26 personar, men heldigvis hadde Venstre leid Vestlandssalen same helga, slik at eg fekk hjelp av ein hyggeleg tilsett som tilfeldigvis var i resepsjonen den helga, og kunne fikse tilgangen på kortet mitt.

No står følgjande:

«For politiske møte.

Fylkessalen heiter Vestlandssalen, og utvalssalane har fått namna Jostedalsbreen og Folgefonna.

Desse romma er reserverte for politiske møter og bruken må vere tilpassa den aktiviteten. Eitt av romma har fast oppsett tilpassa fylkesutvalet.

Arrangement

Det er mogleg å leige møterom og eit større lukka lokale i kantina for ulike arrangement og selskap. Ta kontakt med kontor- og fellestenester for meir informasjon: resepsjonen@vlfk.no»

Spørsmål:

Vil fylkesordførar gi politiske parti, lag og organisasjonar som skal ha møter, seminar og liknande i Bergen, tilgang til vår felles storstove «Vestlandssalen», andre møtelokale og kantineområde utan å betale for det?

Kan fylkesordførar gjere greie for korleis reglementet og leigesum for lokala nemnt ovanfor er bestemt?

Er fylkesordførar samd i at Vestlandshuset verkar lite opent og tilgjengeleg for mindre pengesterke parti, lag og organisasjonar, med slike leigesummar? Er det eigne reglar for bruk av huset i helgene for politiske partigrupper og organisasjonar som til dømes Utdanningsforbundet, i så fall, kven har fastsett disse og kor finn ein dei?

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordførar har forståing for at det er interesse og ønskje om å bruke møteromma, og at desse skal vere opne og tilgjengeleg. Det er no fire månader sidan Vestlandshuset vert opna, og det har vore, og er framleis, fleire prosessar med å få på plass rutinar og erfaringar for at samspelet på Vestlandshuset skal fungere så godt som mogleg.

Fylkesdirektøren har i tida etter at Vestlandshuset vart opna jobba for å finne gode bruksreglar for møteromssenteret, utvalssalane og Vestlandssalen. I ein slik arbeidsprosess er det ein føresetnad at bruksreglar for Vestlandshuset tar omsyn til både tilsette, folkevalde (med partisekretærar) og leigetakarar. I tillegg har ein ville lagt til rette for at også eksterne aktørar skal kunne leige møteromma på Vestlandshuset.

For å sikre forsvarleg drift av bygget og samstundes ivareta alle som vil kunne ha interesse av bygget, har det vore viktig for fylkesdirektøren å få på plass reglar slik at ein ikkje kjem i ein situasjon kor ein gir fordelaktig leigeprisar for nokon og ikkje for andre. I tillegg delar Vestland fylkeskommune Vestlandshuset med leigetakarar som har like rettar som oss. Dette betyr at vi ikkje kan opne bygget utan å gå i dialog med dei først. Slik fylkesordførar er inne på innleiingsvis, så er vi framleis i ein innkøyringsfase i bygget, og det vil difor vere praktisk utfordrande å utvide bruken på noverande tidspunkt.

Dette er bakgrunnen for prosessen med utarbeiding av dokumenta «Bestilling og bruk av møterom på Vestlandshuset» og «Priser og vilkår for leie av møterom på Vestlandshuset». Det er gjort undersøkingar i markanden for å sikre at Vestland fylkeskommune ikkje har eit høgare pristak enn andre i same bransje.

Fylkesordførar visar til bruksreglane nedst i svaret. Notatet/bruksreglane vil også bli lagt fram for orientering i politiske møter etter sommaren.

Bestilling og bruk av møterom i Vestlandshuset

Dette dokumentet gir ein oversikt over bruk av alle møterom i Vestlandshuset både for tilsette og folkevalde i Vestland fylkeskommune (VLFK) og leigetakarar. Leigetakarar av næringsareala i 1. etasje har ikkje rettar knytt til bruk av møterom.

I det vidare er folkevalde definert til fylkestingsmedlem, partisekretærar knytt til fylkestingsgruppene og leiar av klagenemnda. Varamedlemmer til fylkestinget og andre folkevalde fell utanfor definisjonen.

Tilsette i fylkeskommunen er i denne samanheng dei som har kontorplassen sin i Vestlandshuset, og tilsette som har arbeidsstad andre stadar i fylket, men som har tilgangskort til Vestlandshuset.

Utvalssalar og Vestlandssalen

- Utvalssalane og Vestlandssalen kan berre tingast via Kontor- og fellestenester (resepsjonen).
- På dagtid kan alle tilsette og folkevalde i Vestland fylkeskommune tinga desse romma, utan kostnad, dersom det skal arrangerast møter i fylkeskommunal regi. Dette inkluderer også samarbeidsmøte med andre offentlege einingar når fylkeskommunen er vert for møtet (for eksempel møter i miljøløftet).
- For bruk av Vestlandssalen, er det eit krav at det er ein forsamling på minst 25 personar for at salen skal kunne tingast.

- Utvalssalane og Vestlandssalen kan også tingast for møter i fylkeskommunal regi på kveldstid av tilsette og folkevalde i VLFK, men arrangør vil då måtte dekke kostnader til vakthald. IKT tenester vil ikkje vera tilgjengeleg for møter på kveldstid og i helger.
- Utvalssalane og Vestlandssalen kan også tingast av eksterne og leietakarar, men den som tingar vil då måtte dekke ein marknadskostnad. Same gjeld for tilsette eller folkevalde som skal ha møteverksemd som ikkje er i fylkeskommunal regi.

Representasjonssenter 12 etasje (møterom Ulriken og Fløyen)

Berre fylkesordførar, fylkesvaraordførar og fylkesdirektør kan tinga møteromma Ulriken og Fløyen direkte sjølv. Utover dette er det dedikerte ressursar i juridisk seksjon som administrerer booking av desse møteromma.

Møterom 4. og 1. etasje

- Møteromma i 1. og 4. etasje kan tingast av tilsette og folkevalde i VLFK og leietakarar (arrangørar). Det er ein føresetnad at møte er knytt til fylkeskommunen eller leietakaren sin aktivitet.
- På kveldstid, etter kl. 16, kan også romma tingast til politiske møter der ein folkevald er arrangør sjølv om møtet ikkje er knytt til partigruppa.
- For alle møter på kveldstid, eller som blir avslutta etter kl. 16, så har arrangøren ansvar for innslipp av møtedeltakarane i Vestlandshuset, og sikra at dei forlet huset før den folkevalde sjølv går.
- For møter som gjennomførast på dagtid, er det tilstrekkeleg å sikre at møtedeltakarane blir henta og følgt til resepsjonen.

Møterom i heimeområda til VLFK

Kan tingast av dei tilsette i VLFK. Møterommet skal ikkje nyttast med eksterne møtedeltakarar eller folkevalde.

Møterom i heimeområdet til dei folkevalde

Kan tingast av fylkestingsmedlem og politiske sekretærar.

Priser og vilkår for leie av møterom på Vestlandshuset

Fasiliteter	Pris leietaker			Pris eksternt		
	Halve dagen	Hele dagen	Kveld/helg*	Halve dagen	Hele dagen	Kveld/helg*
Fylkestingssalen, inntil 140 personer *	kr 3 000,00	kr 5 000,00	kr 10 000,00	kr 5 000,00	kr 10 000,00	kr 20 000,00
Følgefonna, inntil 36 personer	kr 2 000,00	kr 4 000,00	kr 8 000,00	kr 3 000,00	kr 6 000,00	kr 12 000,00
Jostedalsbreen, inntil 36 personer	kr 2 000,00	kr 4 000,00	kr 8 000,00	kr 3 000,00	kr 6 000,00	kr 12 000,00
Agnes M, inntil 130 per **	kr 1 500,00	kr 1 500,00	kr 1 500,00	X	X	X

* full dag ganger 2. Skal dekke kostnader for renhold og vakt/møtevert. Bevertning (møtemat/dagpakker kommer i tillegg og bestilles gjennomg kantinen).

Timepris renhold kr. 450

Timepris vakt/møtevert kr. 750/800 (veiledende)

** leie for rom som skal dekke renhold. All servering må bestilles gjennom kantinen. Vakt kommer i tillegg ved arrangement som inkludere alkohol for å ivareta HMS og adgangskontroll. Ved konfirmasjon, barnedåp o.l. ivaretar kantinen og ansatte ansvar for adgangskontroll og HMS (ansatte må slippe inn gjester med eget adgangskort).

* man-fre, dagtid ivaretas av møtevert

** etter kl. 16.00 og helg påfølgjer kostnad for møtevert/vakt enten det er levert av interne ressursar eller vakselskap.